




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal


# SAMORDNING

av statlege tilsynsaktivitetar i Møre og Romsdal

*Brosjyra blir revidert hausten 2021*



# ÅRSHJUL



# RUTINAR

Møter	Fristar
Interne tilsynsgruppemøter	1. kvartal etter behov
Statsetatsmøte	april
Interne tilsynsgruppemøter	2. kvartal etter behov
Tilsynsforum	juni
Interne tilsynsgruppemøter	3. kvartal etter behov
Statsetatsmøte	september
Interne tilsynsgruppemøter	4. kvartal etter behov
Møte med kontrollutvalssekretariata	oktober/november
Tilsynsforum	desember
Fagdag for tilsette hos Fylkesmannen	desember
Aktivitetar	Fristar
Kalender oppdatert/samordna	15. januar for det nye året
Revidering av tilsynsplanar	15. april
Tilbakemelding frå kontrollutvalssekretariata	1. november
Intern tilsynsplanlegging hos Statsforvaltaren	15. november
Planlagde tilsyn - andre statlege tilsynsmynde	1. desember
Samordning av alle statlege tilsyn	5. desember
Frist for tilbakemelding frå kommunane	20. desember

# FORKLARINGAR

## **Intern tilsynsgruppe**

Ass. fylkesmann leiar tilsynsgruppa, og rapporterer til direktørgruppa. Møter etter behov. Representantar frå alle avdelingar hos Statsforvaltaren er utvald av leiinga til å delta i tilsynsgruppe. Tema: Eraringsutveksling og læring, samordning av tilsyn, utvikle rutinar og planlegge tilsynsaktivitet inkl. fagdag for alle tilsette som driv med tilsyn.

## **Statsetatsmøte**

To gongar i året. Statsforvaltaren inviterer statlege og fylkeskommunale toppleiararar, leiarar av regionråda og KS. Tema: Felles informasjon om alle statlege aktivitetar i fylket, utfordringar osv.

## **Tilsynsforum**

To gongar i året. Statsforvaltaren inviterer statlege tilsynsaktørar, kontrollutvalssekretariata og KS til møte. Tema: plan for tilsyn, tilbakemeldingar og utvikle betre kjennskap til kvarandre sine oppdrag og rutinar.

## **Eige møte med kontrollutvalssekretariata**

Ein gong i året. Tema: Etter ønske og behov frå dei involverte partarne. Blir samde om det er behov for møtet i tilsynsforumet i juni.

## **Tilbakemelding frå kontrollutvalssekretariata**

Planar for forvaltningsrevisjonar så langt det er kjent og planlagd innan 1. november

## **Planlagde tilsyn - Statsforvaltaren**

Målet er å begynne tidleg med planlegging for komande år. Førebels og endeleg tildelingsbrev er viktig i planarbeidet. Statsforvaltaren må legge inn sine planlagde tilsyn i kalenderen mellom 1. og 15. november.

## **Planlagde tilsyn - andre statlege tilsynsetatar**

Må legge inn sine planlagde tilsyn i kalenderen mellom 15. november og 1. desember

## **Samordning av alle statlege tilsyn**

Statsforvaltaren samordnar alle tilsyna mellom 15. november og 5. desember.

## **Tilbakemelding frå kommunane**

Kommunane skal gje tilbakemelding på plana for neste års tilsyn, mellom 5. - 20. desember, og eventuelle behov for endring av dato må grunngjevast.

## **Kalender oppdatert/samordna**

Tilsyna er samordna i kalenderen innan 15. januar.

## **Revidering av tilsynsplanar**

Revidering og oppdatering av tilsynskalenderen for resten av året innan 15. april

